

Til Lindås kommune

Eknes 13/10-14

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Klage Gnr. 56/12

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
18. 10. 2014	
Ark. saksnr 14/3835	Løpenr
Saksh.	Tilgangskode

Viser til brev av 4/8-14. Eg fekk ikkje vite om avslaget før eg fekk tilsendt brevet frå søstra mi 1/10-14.

I denne saka vart det gjort avslag på søknad om løyve til deling av tomt 1. Dette skulle vera ein hyttetomt som eg skulle få som arv etter våre foreldre. Eigaren er no bror min.

Eg ber om at spørsmålet om deling av tomt 1 vert teken opp på nytt. Tomta ligg i hovudsak på skogsmark der det berre veks dårleg lauvskog. Tomta ligg nær den tomta som søstra mi skal få. Det er mulig å finne løysing på vatn og kloakk.

Eg forstår ikkje at det kan vera så vanskeleg å få delt frå tomt 1, då den ligg i enden av eigedomen. Det framgår i avslaget at det går veg til skogen over parsellen som skal delast frå, og at bruket må få rett til veg over parsellen for å kunna ta ut skog. Om ein ser på kartet er det tydeleg at det ikkje er tilfelle. Parsellen ligg i søre enden av eigedomen og eventuelt skogsuttak på resten av eigedomen vil ikkje koma i konflikt med dette.

Dersom denne tomta likevel ikkje kan nyttast, ber eg om at kommunen kan hjelpa til å finna ei alternativ plassering saman med eigaren.

Venleg helsing

Elin Gulbrandsøy

Eidavegen 225

5993 Ostereidet

Kopi til:

Tor Nesse

Hundvinsvegen 86

5956 Hundvin